



MØTEINNKALLING ELDRERÅDET

Møtedato: 05.10.2017
Møtested: Møterom 4. et. Heradshuset
Møtetid: 15.00 - 17.00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Solrun Hauglum epost solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
17/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
18/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
19/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
19/2017.1	VS: Invitasjon til eldrerådskonferanse i Bergen 7. - 8. november
20/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
21/2017	FELLESMØTE MED FRIVILLIGE
22/2017	LOKAL FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM - HØYRING
23/2017	TEKNOLOGIKURS AV PENSJONISTFORBUNDET 18. OKTOBER

29. september 2017

Helge Risnes
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2017	Eldrerådet	PS	05.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	17/1140

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2017	Eldrerådet	PS	05.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	17/1140

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 31.08.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 31.08.2017
Møtestad: Møterom 4. et. Heradshuset
Møtetid: 13.00 - 15.00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Sigmund Simmenes	SP	Medlem
Karin B. Groth	FRP	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Agnar Sellevold		

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef/prosjektleiar
Silje-Iren Netteland Olsen, einingsleiar for helse og omsorg, orienterte under sak 15/2017

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
12/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
13/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
14/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
15/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
16/2017	ELDREDAGEN 2017



12/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 31.08.2017

Behandling:

ELD - sak 12/2017 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

13/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 31.08.2017

Behandling:

ELD - sak 13/2017 Vedtak/Tilråding:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

14/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådet 31.08.2017



Behandling:

ELD - sak 14/2017 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

15/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Presentasjon av justert organisering i helse og omsorg og orientering om sjukeheimsplassar på Daletunet. V/ einingsleiar Silje-Iren Netteland Olsen.
- Kommunal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og oppfølging av pasientar på vurderingsliste. V/ kommunalsjef Solrun Hauglum.
- Orientering om status i "Lev Vel" med delprosjekt. V/ kommunalsjef og prosjektleiar Solrun Hauglum.
- Kurs om velferdsteknologi av Pensjonistforbundet på Dale 18. oktober.

Eldrerådet 31.08.2017

Behandling:

Eldrerådet ønskjer å få tilsendt organisasjonskart med namn på leiarar i helse og omsorg. Bedehuset på Dale er bestilt til kurs om teknologi 18. oktober.

ELD - sak 15/2017 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

16/2017: ELDREDAGEN 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldredagen 2017 vert arrangert i Dale Bedehus 1. oktober i tråd med oppsett program. Eldrerådet er arrangementnemnd.

Eldrerådet 31.08.2017



Behandling:

Gjennomgang av program med tidspunkt. Bjarnhild handlar blomstrar og bordpynt. Helge og Sigmund er i dialog med Harald Stanghelle om tittel på kåseri. Det vert annonsert i Vaksdalsposten 21.09.

ELD - sak 16/2017 Vedtak/Tilråding:

Eldredagen 2017 vert arrangert i Dale Bedehus 1. oktober i tråd med oppsett program. Eldrerådet er arrangementnemnd.

Eventuelt:

- Fellesmøte med Frivilligsentralen, Røde Kors m.fl. angående tilrettelegging og gjennomføring av aktivitetar og samarbeid med frivillige skal planleggjast på neste møte i Eldrerådet. Vert sett opp som sak då.
- Den kulturelle spaserstokken. Det er sett av kr. 5000,- til Eldrefesten. Sekretær sjekkar med Ole Johnny Domben om han lagar plakatar til arrangementa.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2017	Eldrerådet	PS	05.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	17/1140

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
19/2017.1	VS: Invitasjon til eldrerådskonferanse i Bergen 7. - 8. november

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådskonferansen 7. – 8. november 2017

Tysdag 7. november:

Kl. 10:00-10:30 Registrering

Kl. 10:20 Kulturinnslag v/elevar frå Langhaugen vgs

Kl. 10:30 Velkomen v/Kåre Ystanes leiar i fylkeseldrerådet

Kl. 10:35 Helsing v/fylkesordførar

Kl. 10:45 Tema 1: Hjelpemiddelsentralen

Innleiar: avdelingsdirektør Geir Rune Folgerø, Hjelpemiddelsentralen

Kl. 11:30 Kaffipause

Kl. 11:50 Tema 2: Innlegg frå 2 eldreråd

Kl. 12:10 Tema 3: Framtidas utfordringar for eldreråd

Innleiar: Jan Davidsen, leiar Pensjonistforbundet

Eventuelle spørsmål og synspunkt etter innlegget

Kl. 13:10 Lunsj

Kl. 14:10 Gruppearbeid: Korleis kan eldrerådet i min kommune fungera betre?

Kl. 15:00 Presentasjon av gruppearbeid.

Kl. 15:30 Tema 4: Sjukeheim og pleieheimar – nytt inntakssystem frå 1. juli 2017

Kva skal sjukeheimar vera i framtida?

Innleiar: dagleg leiar Astrid Toft, KS Hordaland

Kl. 16:15 Fritid fram til middag

Kl. 19:00 Middag m/kulturinnslag

Onsdag 8. november:

Kl. 09:00 Allsang

Kl. 09:15 Tema 1: Eldre må kunne bite fra seg!

Innleiar: professor i odontologi, Gunhild Strand, Universitetet i Bergen
Eventuelle spørsmål og synspunkt etter innlegget.

Kl. 10:15 Tema 2: Likeverd i Hordaland fylkeskommune

Innleiar: HR-leiar Frode Mannsåker, HFK

Kl. 10:45 Utsjekk og pausemat

Kl 11:15 Tema 3: Pasientreiser

Innleiar: avd.sjef Ann-Mari Høiland, Helse Bergen

Kl 12:00 Avrunding og oppsummering – vel heim

Kl 12:30 Lunsj

Fra: Postmottak Vaksdal
Sendt: mandag 4. september 2017 14.34
Til: Solrun Hauglum
Emne: VS: Invitasjon til eldrerådskonferanse i Bergen 7. - 8. november
Vedlegg: Foreløpig program Eldrerådskonferansen 2017.pdf

Fra: Berit Dianne Kilvær [<mailto:Berit.Dianne.Kilvaer@hfk.no>]
Sendt: 1. september 2017 12:57
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: Invitasjon til eldrerådskonferanse i Bergen 7. - 8. november

Til eldrerådet i kommunen

Fylkeseldrerådet i Hordaland arrangerer konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland.

Tid: tysdag 7. og onsdag 8. november 2017

Stad: Scandic Bergen City, Håkongsgaten 2-7, Bergen

For program og påmelding, følg lenke under:

<http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2017/Eldreradskonferansen-2017-2-dagar/>

Foreløpig program er også vedlagt i e-posten.

Påmeldingsfrist: 13. oktober

Venleg helsing
for fylkeseldrerådet

Dianne Kilvær
Spesialkonsulent
Økonomi- og organisasjonsavdelinga | Fylkessekretariatet
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 90 14 | Mob: 993 17 797
www.hordaland.no



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2017	Eldrerådet	PS	05.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FE - 033	17/1140

DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- Eldredagen 2017. Evaluering og rekneskap.
- Status i "Lev Vel i Vaksdal". V/ prosjektleiar Solrun Hauglum.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
21/2017	Eldrerådet	PS	05.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum		17/1141

FELLESMØTE MED FRIVILLIGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet kallar inn Frivilligsentral, Røde Kors m.fl. til felles møte om samarbeid rundt aktivitetar og arrangement på institusjonane.

Saksopplysningar:

Eldrerådet ønskjer meir aktivitetar og tilbod på aldersinstitusjonane. Det vart på førre møte vedteke at det skal kallast inn til felles møte med Frivilligsentralen, Røde kors og eventuelt andre seinare på året. Planlegging av dette fellesmøtet skulle opp som sak på møtet 05.10.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
22/2017	Eldrerådet	PS	05.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum		17/1143

LOKAL FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM - HØYRING

Vedlegg:

FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHOLD revidert (L)(85449)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Utval for levekår i Vaksdal kommune vedtok 4. september 2017 å leggja utkast til lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim ut til offentleg høyring.

Den lokale forskrifta er heimla i endringar i Pasient- og brukarrettslova og Helse- og omsorgstenestelova som gjeld rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester. Endringane vart vedtekne av Stortinget 13. juni 2016.

Forskrifta er lagt ut til offentleg høyring i 6 veker og sendt til Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Brukarutvalet for sjukeheimar og Pasient- og brukarombodet i Hordaland. Frist for uttale er 20. oktober 2017.

Forskrift med høyringsinnspel vert lagt fram for vidare politisk handsaming etter høyringsperioden med mål om vedtak på møte i Kommunestyret 13. november 2017.

Bakgrunn

Bakgrunn for forskrifta er lovendringar i Pasient- og brukarrettslova samt Helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester. Lovendringa som vart vedteken i Stortinget 13. juni 2016, skal gi brukarar og pasientar betre rettstilling når det gjeld retten til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

Kommunen si plikt og heimel etter dei nye lovparagrafane trår i kraft frå 1. juli 2017. Kommunane er pålagde å utarbeida forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald for dei som har trong for dette jamfør Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a, 2. ledd. Forskrifta skal og omfatta pasientar eller

brukarar som vil vera best tente med langtidsopphald, men som kommunen vurderar vil kunne bu heime med forsvarlege helse- og omsorgstenester medan dei ventar på langtids plass på sjukeheim. Kommunen skal føra liste over dei brukarar/pasientar som ventar på langtidsopphald.

FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM I VAKSDAL KOMMUNE.

Heimel: Fastsett av Vaksdal kommune ved Kommunestyret (dato, mnd.,år) med heimel i Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (Helse- og omsorgstenestelova) § 3-2 a første og andre ledd og Lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (Pasient- og brukarrettslova) § 2-1 e første ledd.

Kapittel 1. Føremål, lovgrunnlag, definisjonar, virkeområde og organisering

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å sikra rettsstillinga for pasientar med omfattande tenestebehov når det gjeld retten til langtidsopphald i sjukeheim.

Forskrifta skal tydeleggjera kva vurderingsmoment kommunen legg til grunn ved tildeling av langtidsplass, og korleis kommunen følgjer opp personar som står på vurderingsliste for langtidsopphald i sjukeheim.

§ 2 Lovgrunnlag for tildeling av bu- og tenestetilbod

Tildeling av langtidsopphald og helse- og omsorgstenester i sjukeheim er regulert i:

- Lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a andre ledd, og § 2-1 e første ledd
- Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og § 3-2 a første ledd.

Det skal føreliggja skriftleg søknad om langtidsplass frå pasient, og sakshandsaming i tildelingar som er nemnt her, skal følgja forvaltningslova sine reglar.

§ 3 Definisjonar

- Sjukeheim: Helseinstitusjon i høve forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e og § 2.
- Langtidsopphald: Opphald på ubestemt tid.
- Vurderingsmoment: Moment som inngår i ei skjønsmessig heilheitsvurdering om ein pasient skal få tildelt langtidsopphald i sjukeheim og tenestetilbod frå kommunen.
- Vurderingsliste: Oversikt over personar som ikkje fyller vilkåra for umiddelbart å få langtidsopphald i sjukeheim, men som vert vurdert til å vera best tent med slikt opphald, og som skal bli vurdert når ledig plass skal tildelast.

§ 4 Virkeområde

Forskrifta gjeld for tildeling av langtidsplassar i sjukeheim og gjeld for pasientar som oppheld seg i Vaksdal kommune, jf. lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd. Forskrifta gjeld i tillegg for pasientar som har konkrete planer om å flytta til kommunen og har eit så omfattande tenestebehov at det er nødvendig at bu- og tenestetilbodet er avklart i forkant for at dei skal kunne flytta.

§ 5 Ansvar og mynde

Kommunen skal fatte vedtak om tildeling eller avslag på søknad om langtidsopphald i sjukeheim.

Jamfør:

- Forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon, § 1 bokstav d
- Lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a andre ledd, § 2-1 e første ledd
- Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, § 3-2 første ledd nr. 6c, § 3-2 a første ledd

Kapittel 2. Vurderingsmoment for tildeling av langtidsopphald

§ 6 Moment som skal inngå i vurdering av tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og om pasient har rett til å stå på vurderingsliste til langtidsopphald.

Tildeling av langtidsopphald i sjukeheim vert gjort ut i frå ei heilskapleg vurdering der m.a. følgjande moment kan inngå:

- Kva type helse- og omsorgstenester det er behov for, og kor omfattende og varig behovet for helse- og omsorgstenester er.
- Om alternativ til langtidsopphald i sjukeheim er prøvd ut eller vurdert og ikkje funne hensiktsmessig eller forsvarleg, derunder korttidsopphald i sjukeheim, kvardagsrehabilitering/rehabilitering, helse- og omsorgstenester i heimen, dagtilbod, førebyggjande tenester, tilrettelegging av heimen eller omgjevnadane, hjelpemiddel, tekniske løysingar, velferdsteknologi, bistand frå nærstående og avlasting.
- Om pasient har kognitiv svikt. Vurdera kor alvorleg den kognitive svikta er, og om svikta går ut over meistring av dagleglivet.
- Pasient si evne til sjølv å kunne tilkalla hjelp ved behov og nyttiggjera seg velferdsteknologi, m.a. varslingshjelpemiddel.
- Om pasient utan endring av livssituasjon risikerer å komma til skade eller få sin helsetilstand/funksjonsevne vesentleg forverra.
- Om geografiske tilhøve gjer det uforsvarleg eller ikkje hensiktsmessig å gi tenester der pasienten bur.
- Pasient og pårørande/verje sine opplysningar, samt eventuell uttale frå helsepersonell.

Dersom opphald i sjukeheim etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikra pasienten naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester, skal slikt opphald verta tildelt.

Pasientar som er best tent med langtidsopphald på sjukeheim, men som i påvente av ledig plass vil kunne bu heime med forsvarlege helse- og omsorgstenester, vil verta sett på vurderingsliste. Dei som står på vurderingslista, vil bli vurdert når langtidsplass vert ledig. Pasient med størst behov vert tildelt plass først.

Viser forøvrig til gjeldande sakshandsamingsreglar i Forvaltningslova og Pasient- og brukarrettslova om brukarmedverknad.

§ 7 Oppfølging av pasientar på vurderingsliste

Pasientar som kan bu i heimen i påvente av langtidsopphald i sjukeheim, vil få vedtak med avslag på langtids plass i sjukeheim. Pasientar som er vurdert etter § 6 i denne forskrifta til å vera best tente med langtidsopphald i sjukeheim, vil få vedtak om å få stå på ei vurderingsliste. Det vert gjort vedtak om helse- og omsorgstenester inntil langtidsopphald i sjukeheim vert innvilga.

Helse- og omsorgstenester som vert innvilga i ventetida, skal til ei kvar tid vera individuelt tilpassa, forsvarlege og dekkja pasienten sine behov for nødvendige helse- og omsorgstenester.

Kommunen skal følgja med på omsorgsbehov hjå dei pasientar som står på vurderingslista. Dei skal syta for at det umiddelbart vert innvilga langtidsopphald i sjukeheim dersom det oppstår ein situasjon der det haster for den enkelte pasient å få på plass eit slikt tilbod. Unntak er dersom det oppstår nye moment som gjer at brukaren har behov for korttidsopphald på institusjon, ØH – plass (kommunal øyeblikkeleg hjelp plass) eller spesialisthelseteneste/sjukehus.

Ved ledig plass på sjukeheim blir pasient med størst behov for langtids plass prioritert først. Pasient som har fått vedtak om å få stå på vurderingsliste, må difor pårekna at pasientar med meir presserande eller større behov, vert prioritert. Det gjeld ingen tidsfrist for når langtids plass som nemnt ovanfor seinast skal innvilgast.

Dersom pasient på vurderingsliste får betring i funksjonsnivå, kan det medføre at pasienten blir fjerna frå lista.

Kapittel 3. Klage og iverksetting

§ 8 Klage

Ved klage på vedtak om langtidsopphald i sjukeheim eller om å få stå på vurderingsliste til langtidsopphald i sjukeheim og om helse- og omsorgstenester i eller utanfor sjukeheim gjeld lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettigheter kapittel 7.

§ 9 Iverksetting og revidering av forskrifta

Denne forskrifta trer i kraft (dato,mnd.,år).



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
23/2017	Eldrerådet	PS	05.10.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum		17/1142

TEKNOLOGIKURS AV PENSJONISTFORBUNDET 18. OKTOBER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet arrangerar saman med Pensjonistforbundet kurs om velferdsteknologi på Dale 18.10.2017.

Saksopplysningar:

Pensjonistforbundet har komme med tilbod om å holda kurs om velferdsteknologi i kommunen hausten 2017. Onsdag 18. oktober er sett av, og Bedehuset på Dale er bestilt. Eldrerådet planlegg arrangementet og annonsering/marknadsføring av dette.